



UiT Norges arktiske universitet

Det juridiske fakultet

JUR-1003 SKRIFTLIG SKOLEEKSAMEN 1. AVDELING MASTER – VÅREN 2014

ONSDAG 28. MAI 2014 09.00 – 15.00

Oppgavetekst:

Bokmål:

Del I

Stortingsvalget medførte et overraskende dårlig resultat for den sittende regjeringen. Allerede valgnatten signaliserte likevel den nåværende statsminister Ole Nilsen at hans regjering ville bli sittende, siden han ikke vurderte noen alternative regjeringssammensetninger som levedyktige.

Partilederen for det største av opposisjonspartiene, stortingsrepresentant Laila Jensen, var derimot uenig. Hun mente at hun ville lykkes i å fremforhandle en ny regjering bestående av ett til to av de små opposisjonspartiene. Dette ville bli en mindretallsregjering, ettersom de øvrige opposisjonspartiene virket mest opptatte av å motarbeide så vel sittende regjering som hverandre. Mindretallsregjeringen måtte i så fall søke støtte i Stortinget fra sak til sak.

Kvelden etterpå deltok alle partilederne som ikke tilhørte den sittende regjeringen i aktualitetsprogrammet “Dagens politikk” på TV8. Her spurte programlederen om deres kommentar til Nilsens plan om å bli sittende som statsminister. Jensen svarte at det var uaktuelt, og partileder Tore Skog fra et av de mindre partiene, slo fast at nå pliktet Nilsen- regjeringen å “kaste kortene”, noe som alle de øvrige partilederne sa seg enige i.

Dagen derpå fremsatte stortingsrepresentant Erik Olsen fra Jensens parti et forslag til plenarvedtak med følgende ordlyd: “Stortinget beklagar framferda til regjeringa i denne saka og krev at regjeringa let meir eigna politikarar ta over styringa av Noreg.”

Konservative bokmålsforkjempere med stortingsrepresentant Kevin Holt i spissen, var ikke komfortable med å skulle stemme for et nynorsk forslag, og fremsatte et alternativt forslag til vedtak. Det hadde ordlyden “Stortinget beklager regjeringens opptreden i denne saken og fordrer at regjeringen lar mer egnede politikere ta over styringen av Norge.”

De fleste stortingsrepresentantene mente det ville være svært uhensiktsmessig dersom de for fremtiden måtte fremsette slike forslag i begge målformer. 48 % av representantene som deltok på avstemmingen stemte for Olsens forslag, mens bare 3 % stemte for forslaget til Holt.

Spørsmål 1: Har regjeringen en rettslig plikt til å gå av?

Det viste seg imidlertid at mindretallsregjeringen som Jensen forsøkte å få i stand strandet på grunnleggende uenighet om samferdsels-, jordbruks- og utenrikspolitikk. Statsminister Nilsen konstaterte tilfreds at han i mangel av alternative og sterkere kandidater, kunne fortsette på tross av det dårlige valgresultatet.

I Stortinget gikk høstsesjonen stort sett med til behandlingen av statsbudsjettet. Den første store saken som evnet å samle opposisjonen, inntraff først i mars. Da ble opposisjonspartiene enige om å legge føringer for regjeringens praktisering av § 38 i Lov av 15.05.2008 nr. 35 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven). I de neste seks månedene skulle bestemmelsen praktiseres slik at alle søknader fra ukrainere berørt av den pågående krisen i landet, skulle innvilges.

Forslaget til det aktuelle plenarvedtaket ble framsatt av Jensen og vedtatt med minst mulig margin. Plenarvedtaket hadde følgende ordlyd:

“Stortinget ber om at alle søknader om oppholdstillatelse etter § 38 i lov av 15.05.2008 nr. 35 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her, fra ukrainske borgere som er berørt av den pågående krisen i landet, skal innvilges i de neste seks månedene, med mindre særlig sterke grunner tilsier noe annet. Regjeringen bes om å konferere med Stortingets kontroll- og konstitusjonskomite om det nærmere innholdet i “særlig sterke grunner” fra sak til sak.”

Regjeringen Nilsen ga klart uttrykk for at den ikke ville la seg instruere av et vedtak som den oppfattet som forfatningsstridig.

Spørsmål 2: Kan Stortinget gi en bindende instruksjon med dette innholdet?

Del II

Under Kvaløya skimaraton 2014 gjorde 17 år gamle Tore Per seg sterkt bemerket. Tore Per var allerede et velkjent navn i lokalavisa i Tromsø på grunn av sine prestasjoner i skisporet, men ingen hadde forventet at han skulle gå opp og ta teten fra start, og deretter klare å holde på ledelsen. Mer kjente norske skiprofiler var riktignok flere ganger oppe i ryggen på ham, men Tore Per så ut til å holde stand.

Etter passering av siste drikkestasjon noen km før mål, kunne publikum observere at den internasjonalt kjente norske skistjerna Peder Sørthug rykket opp på siden av Tore Per og tilsynelatende vekslet noen ord med ham. Peder Sørthug var et stort trekkplaster for skiløpet, selv om han noe overraskende hadde skuffet stort i det nettopp avviklede OL.

“Du”, sa Peder til Tore Per. “Etter floppen min i OL kommer jeg til å se nokså dum ut hvis du vinner. Jeg gir deg 5 000 kroner hvis du lar meg gå først over målstreken.”

Tore Per tenkte et kort øyeblikk på hvor artig det ville være å vinne skimaraton, men tanken på hvor skrapet kontoen hans var for tiden, tok snart overhånd. En andreplass i løpet kunne han leve godt med, og en slump penger ville virkelig komme godt med for satsingen hans videre.

“Nei”, svarte han derfor Peder. “Jeg skal minst ha 15 000 kroner.”

“OK”, sa Peder. “Så lenge du lar meg vinne.”

Mot mål ble løpet virkelig spennende, og det var klart for alle at kampen stod mellom Tore Per og Peder. Tore Per så ut til å ha seieren innenfor rekkevidde, men brått virket det som om det stokket seg for ham, og Peder Sørthug rykket fra og tok førsteplassen.

Etter klesskift og premieoverrekkelse, trakk Peder Tore Per til side og tok frem pengeboken. “Tusen takk, her har du dine 5 000 kroner”, sa han og overrakte pengene til Tore Per.

“Nei”, sa Tore Per. “Vi avtalte at jeg skulle få 15 000 kroner for å la deg vinne.”

En av tilskuerne som hadde stått like ved den siste drikkestasjonen under løpet, overhørte samtalen og brøt inn: “Ja, jeg hørte at du lovt Tore Per minst 15 000 kroner, herr Sørthug, og nå må du holde løftet.”

Peder avviste dette og viste til at han hadde vært desperat, og i sin forvirring muligens hadde kommet i skade for å si 15 000 i stedet for 5 000, som var det han hadde ment.

Han viste videre til at 5 000 kroner var en bra slump penger for en ungdom, og at han i den pressede situasjonen kanskje hadde kommet i skade for å gå med på et høyere beløp.

Etter dette dro Tore Per hjem. Foreldrene ble sjokkerte da Tore Per fortalte hva som hadde hendt. “Hvordan kunne du finne på å gå med på noe så dumt”, sa faren til Tore Per. “Jamenn, pappa”, svarte Tore Per, “vi har da avtalefrihet”.

Moren til Tore Per var mer opptatt av beløpet han hadde mottatt av Peder. Etter en kort diskusjon ble alle enige om at Peder måtte betale også de resterende 10 000 kronene til Tore Per.

Da foreldrene og Tore Per senere tok kontakt med Peder for å kreve ham for restbeløpet, avviste Peder kravet. Han forlangte i stedet å få tilbakebetalt de 5 000 kronene som han allerede hadde betalt til Tore Per. Peder begrunnet dette med at det etter hans mening ikke var inngått noen avtale mellom dem. Han kunne i alle fall ikke være bundet av en slik avtale. Peder viste til at avtalen ikke var inngått skriftlig, at Tore Per var for ung til å inngå bindende avtaler, og til at Peder på grunn av avtalens innhold ikke kunne tvinges til å betale. I alle tilfelle kunne ikke Peder være pliktig til å betale mer enn 5 000 kroner, som var beløpet han mente å tilby. Enhver annen løsning ville dessuten være illojal og innebære å utnytte Peders nødstilstand.

Spørsmål 1: Hvilken betydning har manglende skriftlighet og Tore Pers alder for om det foreligger en bindende avtale?

Spørsmål 2: Er avtalen ugyldig på grunn av sitt innhold?

Spørsmål 3: Har det betydning at Peder mente å tilby Tore Per bare 5000 kroner?

Spørsmål 4: Er avtalen ugyldig på grunn av illojalitet eller Peders nødstilstand?

Både del I og del II skal besvares.

Nynorsk:

Del I

Stortingsvalet medførte eit overraskande dårleg resultat for den sitjande regjeringa. Alt valnatta signaliserte likevel den noverande statsministeren Ole Nilsen at regjeringa hans ville bli sitjande, sidan han ikkje vurderte nokon alternative regjeringssamansetnader som levedyktige.

Partileiaren for det største av opposisjonspartia, stortingsrepresentant Laila Jensen, var derimot usamd. Ho meinte at ho ville lukkast i å forhandle fram ei ny regjering med eitt til to av dei små opposisjonspartia. Dette ville bli ei mindretalsregjering, ettersom dei andre opposisjonspartia verka mest opptekne av å motarbeide både sitjande regjering og kvarandre. Mindretalsregjeringa måtte i så fall søkje støtte i Stortinget frå sak til sak.

Kvelden etterpå deltok alle partileiarane som ikkje tilhørde den sitjande regjeringa, i aktualitetsprogrammet “Dagens politikk” på TV8. Her spurde programleiaren om deira kommentar til planen frå Nilsen om å bli sitjande som statsminister. Jensen svarte at det var uaktuelt, og partileiar Tore Skog frå eit av dei mindre partia, slo fast at no plikta Nilsen-regjeringa å “kaste korta”, noko som alle dei andre partileiarane sa seg samde i.

Dagen etter kom stortingsrepresentant Erik Olsen frå partiet til Jensen med parti eit framlegg til plenarvedtak med følgjande ordlyd: “Stortinget beklagar framferda til regjeringa i denne saka og krev at regjeringa let meir eigna politikarar ta over styringa av Noreg.”

Konservative bokmålsforkjemparar med stortingsrepresentant Kevin Holt i spissen, var ikkje komfortable med å skulle røyste for eit nynorsk framlegg, og sette fram eit alternativt framlegg til vedtak. Det hadde ordlyden “Stortinget beklager regjeringens opptreden i denne saken og fordrer at regjeringen lar mer egnede politikere ta over styringen av Norge.”

Dei fleste stortingsrepresentantane meinte det ville vere svært lite tenleg dersom dei for framtida måtte setje fram slike framlegg i begge målformer. 48 % av representantane som deltok på avrøystinga, røysta for framlegget frå Olsen, medan berre 3 % røysta for framlegget frå Holt.

Spørsmål 1: Har regjeringa ei rettsleg plikt til å gå av?

Det viste seg likevel at mindretalsregjeringa som Jensen prøvde å få i stand, stranda på grunnleggjande usemje om samferdsels-, jordbruks- og utanrikspolitik. Statsminister Nilsen konstaterte tilfreds at han i mangel av alternative og sterkare kandidatar, kunne halde fram trass i det dårlege valresultatet.

I Stortinget gjekk haustsesjonen stort sett med til handsaminga av statsbudsjettet. Den første store saka som evna å samle opposisjonen, kom opp først i mars. Då vart opposisjonspartia samde om å leggje føringar for korleis regjeringa praktiserer § 38 i Lov av 15.05.2008 nr. 35 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingslova). I dei neste seks månadane skulle føresegna praktiserast slik at alle søknader frå ukrainarar påverka av den pågåande krisa i landet, skulle takast til følge.

Framlegget til det aktuelle plenarvedtaket vart sett fram av Jensen og vedteke med minst mogleg margin. Plenarvedtaket hadde følgjande ordlyd:

“Stortinget ber om at alle søknader om opphaldsløyve etter § 38 i lov av 15.05.2008 nr. 35 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her, frå ukrainske borgarar som er påverka av den pågåande krisa i landet, skal takast til følge i dei neste seks månadane, med mindre særleg sterke grunner tilseier noko anna. Stortinget ber om at Regjeringa konfererer med Stortingets kontroll- og konstitusjonskomite om det nærare innhaldet i “særleg sterke grunner” frå sak til sak.”

Regjeringa Nilsen gav klart uttrykk for at ho ikkje ville late seg instruere av eit vedtak som ho oppfatta som forfatningsstridig.

Spørsmål 2: Kan Stortinget gje ein bindande instruks med dette innhaldet?

Del II

Under Kvaløya skimaraton 2014 utmerkte 17 år gamle Tore Per seg sterkt. Tore Per var alt eit velkjent namn i lokalavisa i Tromsø på grunn av prestasjonane i skisporet, men ingen hadde forventa at han skulle gå opp og ta teten frå start, og deretter klare å halde på leiinga. Meir kjende norske skiprofilar var rett nok fleire gonger oppe i ryggen på han, men Tore Per såg ut til å halde stand.

Etter passering av siste drikkestasjon nokre km før mål, kunne publikum observere at den internasjonalt kjende norske skistjerna Peder Sørthug rykte opp på sida av Tore Per og tilsynelatande veksle nokre ord med han. Peder Sørthug var eit stort trekkplaster for skirennenet, sjølv om han noko overraskande hadde skuffa stort i OL som nettopp var avvikla.

“Du”, sa Peder til Tore Per. “Etter floppen min i OL kjem eg til å sjå nokså dum ut om du vinn. Eg gjev deg 5 000 kroner dersom du lèt meg gå først over målstreken.”

Tore Per tenkte ein kort augneblink på kor artig det ville vere å vinne skimaraton, men tanken på kor skrapa kontoen hans var for tida, tok snart overhand. Ein andre plass i løpet kunne han leve godt med, og ein slump pengar ville verkeleg kome godt med for satsinga hans vidare.

“Nei”, svarte han difor Peder. “Eg skal minst ha 15 000 kroner.”

“OK”, sa Peder. “Så lenge du lèt meg vinne.”

Mot mål vart løpet verkeleg spanande, og det var klart for alle at kampen stod mellom Tore Per og Peder. Tore Per såg ut til å ha sigeren innanfor rekkjevidde, men brått verka det som om det stokka seg for han, og Peder Sørthug rykka frå og tok førsteplassen.

Peder trekte til side Tore Per etter klesskift og premieoverrekking og tok fram pengeboka. “Tusen takk, her har du dei 5 000 kronene dine”, sa han og overrekte pengane til Tore Per.

“Nei”, sa Tore Per. “Vi avtalte at eg skulle få 15 000 kroner for å late deg vinne.”

Ein av tilskodarane som hadde stått like ved den siste drikkestasjonen under løpet, overhørte samtalen og braut inn: “Ja, eg høyrde at du lova Tore Per minst 15 000 kroner, herr Sørthug, og no må du halde løftet.”

Peder avviste dette og viste til at han hadde vore desperat, og i forvirringa si kanskje hadde kome i skade for å seie 15 000 i staden for 5 000, som var det han hadde meint.

Han viste vidare til at 5 000 kroner var ein bra slump pengar for ein ungdom, og at han i den pressa situasjonen kanskje hadde kome i skade for å gå med på ein høgare sum.

Etter dette drog Tore Per heim. Foreldra vart sjokkerte då Tore Per fortalde kva som hadde hendt. “Korleis kunne du finne på å gå med på noko så dumt”, sa faren til Tore Per. “Jamenn, pappa”, svarte Tore Per, “vi har då avtalefridom”.

Mora til Tore Per var meir oppteken av summen han hadde fått av Peder. Etter ein kort diskusjon vart alle samde om at Peder måtte betale også dei 10 000 kronene som stod att, til Tore Per.

Då foreldra og Tore Per seinare tok kontakt med Peder for å krevje han for restsummen, avviste Peder kravet. Han kravde i staden å få tilbakebetalt dei 5 000 kronene som han alt hadde betalt til Tore Per. Peder grunna dette med at det etter hans meining ikkje var inngått nokon avtale mellom dei. Han kunne i alle fall ikkje vere bunden av ein slik avtale. Peder viste til at avtalen ikkje var inngått skriftleg, at Tore Per var for ung til å inngå bindande avtalar, og til at Peder på grunn av innhaldet på avtalen ikkje kunne tvingast til å betale. I alle

tilfelle kunne ikkje Peder vere pliktig til å betale meir enn 5 000 kroner, som var summen han meinte å tilby. Kvar anna løysing ville dessutan vere illojal og innebere å utnytte naudtilstanden til Peder.

Spørsmål 1: Kva innverknad har manglande skriftleg avtale og alderen til Tore Per for om det ligg føre ein bindande avtale?

Spørsmål 2: Er avtalen ugyldig på grunn av innhaldet sitt?

Spørsmål 3: Har det innverknad at Peder meinte å tilby Tore Per berre 5000 kroner?

Spørsmål 4: Er avtalen ugyldig på grunn av illojalitet eller naudtilstanden til Peder?

Både del I og del II skal svarast på.

Tromsø, 28. mai 2014

Lena Bendiksen

Eksamensansvarlig